

HIELGESTUNDIER



NR 2, 2022 KYRKJELYDSBLAD FOR SOKNA I HØYANGER KOMMUNE 90. ÅRG



I dette nummeret kan du lese om:

- Fornyng i kyrkja
- Konfirmantar i Høyanger
- Påskemåltid i Lavik
- Mine pinsesalmar
- Alværa misjonscenter 40 år
- Refleksjonar etter 1 år som sokneprest

God sommar!

HELGESTUNDER

Kyrkjelydsblad for Høyanger, Kyrkjebø, Lavik, Bjordal & Ortnevik sokn. **I redaksjonen:** Sturla Bell Fossen, Toril Lange, Vidar Myren, Sissel Sørebo, Karl Hjelmeland, Andreas Ester.
Layout: Bjørnar Otterstein

Pengegaver vert mottekne med takk!

Bankgiro: 3705.24.53659 - Vipps 716593

Trykk/oppsett: Husabø Prenteverk

Fornyning i kyrkja krev stor ekstra innsats!

To ganske tøffe pandemi-år ligg bak oss. Og no er vi i gang med mykje bra samstundes. Dette har på nytt kravd imponerende stor innsats frå sokneråda, tilsette og frivillige. Stor takk til alle desse! Kyrkja i Høyanger er i ferd med å opne og endre seg. Eg vil trekke fram det viktigaste.

Spørjeundersøkinga i Kyrkjebø/Vadheim og Høyanger sokn samla over 100 svar som kom inn. Det er for tidleg å kome med detaljar, men undersøkinga har ein stor verdi i seg sjølv: folk finn mykje positivt, og kjem med tydelege ønskje om fornying. Sokneråda vil analysere svara nøye, og presentere resultatata etter sommaren.

Dåp. I pandemiperioden var det sterk nedgang i dåpstala, særleg i Høyanger sokn. Desto meir gledeleg er det at vi har fått innmeldt og gjennomført eit høgt tal dåp sidan januar. For å få til dette måtte vi ha to ekstra gudstenester. Å leggje til rette for at folk kan få døypt barna sine, må vere ei av våre hovudsatsingar.

Gudstenesta på 1. mai i Høyanger. Sidan 2008 har det ikkje vore gudsteneste denne dagen. Gudstenesta var av stor intensitet og uforgløyemeleg for alle som var med.

Konfirmantarbeid og konfirmasjonsgudstenester. Utan tilsett kyrkjelydspedagog har det vore eit i overkant krevjande arbeid, med veldig fin avslutning! Til saman var det anslagsvis 1000 personar som var med på alle konfirmasjonsgudstenestene i kommunen.

Personalsituasjon. At vi ikkje har fått tilsett sokneprest i Lavik og på Høyanger sørside, gjer situasjonen vanskeleg. Men prosten har gjort avtale med Geir Sørebo om at han kjem inn som vikarprest frå 1. September, og det er vi svært glade for! Elles er kyrkjelydspedagogstillinga lyst ut på nytt, og kyrkjevejestillinga vert ledig frå årsskiftet. Det er viktig å få nye gode personar inn i alle desse stillingane.

Sokneprest Andreas Ester

www.kyrkja/hovanger/
www.facebook.com/kyrkjaihovanger/
www.instagram.com/kyrkjai/

Høyanger kyrkjekontor
Marcus Thranes gt.3. Pb. 159
6991 Høyanger
Telefon: 57 71 41 00
post.hoyanger@kyrkja.no

Lavik kyrkjekontor
Postadr.: Pb 14, 6946 Lavik
Telefon: 57 71 41 00
post.hoyanger@kyrkja.no

Adm. sekretær: Katarina Vattekar
Jobbmobil: 40 45 86 49
E-post: KV333@kyrkja.no

Prost: Knut Magne Nesse
Brendøyvegen 26, 6906 Florø
Mobil: 91 71 32 75
E-post: knut.magne.nesse@kinn.kyrkja.no

Sokneprest Høyanger/Kyrkjebø:
Andreas Ester, 6947 Lavik
Mobil: 45 22 17 37
E-post: AE639@kyrkja.no

Vikarprest Lavik og Bjordal/Ortnevik
Geir Sørebo, 5962 Bjordal
Mobil: 95 72 91 72
E-post: god-s@online.no

Kyrkjeveerje: Bjørnar Otterstein
Kyrkjekontoret i Høyanger
Telefon kontor: 57 71 41 00
Mobil: 91 76 38 03
E-post: BO446@kyrkja.no

Kantor: Gerda Otterstein
6993 Høyanger
Mobil: 94 18 67 09
E-post: GO985@kyrkja.no

Leiarar av sokneråda:
Høy: May-W. Fossmark 90 53 90 02
Kyrkjebø: Sturla B. Fossen 99 49 47 45
Lavik: Toril Lange 92 24 09 66
Bjo. og Ort: Sissel Sørebo 91 68 93 81

Leiar kyrkjeleg fellesråd:
Sturla Bell Fossen 99 49 47 45

Kyrkjetenarar
Høyanger: Heike Müller tlf. 99 39 84 97
Kyrkjebø: Irene Aase Aarseth tlf. 97 0129 77
Vadheim: Irene Aase Aarseth tlf. 97 0129 77
Lavik: Bjørnar Hellebø tlf. 97 75 10 21
Olav Hellebø tlf. 90 08 49 12
Audun Engedal tlf. 41 56 36 28
Bjordal: Norvald Bjordal tlf. 97 12 57 33
Ortnevik: Joar Oppedal tlf. 41 10 05 87

KIRKENS SOS: Tlf. 22 40 00 40

Andakt - Med et Fadervår i pakt

For å kommunisere treng vi eit språk. Vi treng nokre ord som kan uttrykkje kva vi tenkjer. Vi kan nok komme eit stykke med kroppsspråk, med fakter og blikk, men det blir fort utydeleg og fleirtydig. Sikker kommunikasjon krev ord og språk.

Også trua vår treng ord og språk. Gud, vår himmelske far, ynskjer kontakt og fellesskap med oss menneske. Han vil at vi skal komme til han med alt som ligg oss på hjartet. Smått og stort, alt kan vi få legge fram for Gud.

Nokre gonger er vi tomme for ord. Då skal vi få tru at Gud ser og høyrer eit sukk eller ein tanke. Han ser lyset som vi tenner, og han veit kva vi treng allereie før vi ber. Men det kan også vere godt å få leggje sjela i nokre ord som blir gjevne oss utanfrå.

Før Jesus forlet sine venner gav han eit språk, nokre ord, til hjelp i kommunikasjon med Gud. Han lærde dei Fadervår, eller Vår Far som bøna heiter i siste norske omsetjing. Slik skal de be, sa Jesus, og gav dei 7 korte bøner sett saman til ei samla bøn.



Denne bøna rommer alt, det åndelege og det menneskelege, himmel og jord. Relasjonen til Gud, og relasjonen oss menneske imellom. Dette er bøna for alle aldrar og alle anledningar. For kvardag og fest, for gudsteneste og kveldsbøn.

I salmen Alltid freidig når du går veier Gud tør kjenne, syng vi også: Med et Fadervår i pakt, skal du aldri gyse. Fadervår er ei bøn midt i livet. Det er også ei bøn når livet ebbar ut og vi står ansikt til andsikt med det store ukjente.

Eg har sjølv sett fleire gonger korleis freden senkar seg over eit alvorleg sjukt menneske når vi har bedt Fadervår og lyst velsigninga. Fadervår høyrer til den indre kjernen i eit kristent trusliv. Derfor har eg lyst å gje ei oppfordring: Lær ditt Fadervår utenat, ta vare

på det, bruk det, åleine og saman med born og barneborn! Fadervår er ein åndeleg skatt!

Når vi ber denne bøna overgjev vi liva våre til Gud. Vi overgjev kontrollen til han som har heile verda i si hand. Med et Fadervår i pakt, skal du aldri gyse.

Karl Hjelmeland

Konfirmantar i Høyanger 2022



Foto: Veronica Vågen

Frå venstre: Margit Østerbø Marifjæren, Alexandra Bergstrøm Fossheim, Alva-Marie Andersen Meek, Helene Longfellow, Ariell Olive Fredriksen, Vegard Drage Skreien, Vilma Auganæs Gøthe, Jarl Eirik Larsen Johansen, Samuel Haukås Solvorn, Jaril Ivar Hauge Mjånes, Patrick Steinholm Amundrud, William Vedvik Berstad, Caspian Tonning Hansen, Daniel Pettersen Agovic, Aleksander Veum, Marcus Sneve, Andreas Kauppi Holen og Are Dale Eide.

Konfirmantar på Kyrkjebø 2022



Foto: Sturla Bell Fossen

Frå venstre: Birger Arne Hosteland Mæland, Brita Isabell Kolsrud, Katrine Frivik, Karoline Hesjedal, Katrine Hesjedal og Astrid Volle.



Konfirmasjon i Vadheim 2022



Foto: Sturla Bell Fossen

Frå venstre: Tobias Årseth Birkaas, Andrine Jonsson Eriksen, sokneprest Andreas Ester.

Konfirmasjon i Lavik 2022



Foto: Cecilie Sande

Framme frå venstre: sokneprest Karl Hjelmeland, Kaisa Knutsen Fossland, Ida Marie Avedal, Vilde Marie Sande Sørestrand, Adrienn Tjønnås og Toril Lange. Bak frå venstre: Jan Aksel Hellem, Lukas Akse Bjørkhaug, Henrik Borlaug Hovland, Ida Marie Kure og Brage Hellebø.

Konfirmasjon i Bjordal 2022



Frå venstre: kyrkjelydspedagog Toril Lange, Ingeborg Dæmring Førde, Silje Moen Bjordal, André Birkeland Søreide, Anders Erikstad Bjordal Stensæter, sokneprest Karl Hjelmeland.
Foto: Louise Kristine Moen Jagedal

Konfirmasjon i Ortnevik 2022



Frå venstre: kyrkjelydspedagog Toril Lange, Anna Brekke og sokneprest Karl Hjelmeland.
Foto: Leo Brekke



Påskemåltid i Lavik

Torsdag i påskeveka var det påskemåltid i Lavik kyrkje. Sidan 2005 - med unntak av koronaåra 2020 og 2021 – har ein dekka langbord i Lavik kyrkje skjærtorsdag kveld. Gjennom songar og tekstar fekk vi høyre forteljingane om då Moses førte israelittane ut frå Egypt og Jesu siste påske. Under måltidet får ein smake på små «symbolske» rettar som skal minne oss om korleis israelittane hadde det i Egypt. Vi et også kvelds i lag og feirar nattverd. Påskemålet samlar fastbuande og hyttefolk frå fleire av bygdene i kommunen. Toril Lange



Foto: Karl Hjelmeland

Påskefeiring 2022 - Alternativt opplegg i Ortnevik



Når prestar og organistar ikkje rekk over å ha gudsteneste i alle kyrkjene i påkehøgtida, er det flott at lekfolk i kyrkjelyden stiller opp. Takk til Anders Brekke i Ortnevik som gjorde det mogeleg å ha ein gjennomgang av påskedramaet frå palmesøndag til påskedag gjennom salmar og musikk til dei ulike dagane. Tekstar og dikt vart lesne av Yngvild Sørebo Danielsen, Joar Oppedal og Sissel Sørebo. Dei liturgiske fargane blei skifta, slik at vi enda opp med festfargen kvit, og lys og blomar på altaret til dei glade påskedagsongane. 21 personar hadde funne vegen til kyrkja denne skjærtorsdagskvelden. S.S.

Mine pinsesalmar

Hadde vi spurt ein danske om pinsesalme, hadde vi nok fått til svar ein av Grundtvig sine salmar. «I all sin glans nu stråler solen» er for mange danskar ein like kjær salme som mange av julesongane er for oss nordmenn. Desse salmane synest også eg er vakre, særleg når det er god tonefølgje og fyldig song. Likevel er det dei pinsesalmane som har ein forteljande budskap og som også kan høve for born, eg har flest gode minne med. Eg oppdaga no at ein av dei ikkje hadde kome med i den nyaste salmeboka. Tekst og melodi er av Dieter Trautwein, og han er omsett av Eyvind Skeie.



«**Ånden er kommet til oss ned,**
/: for å gi oss glede håp og fred. :/

Gjemt bak stengte dører må vi ofte bo,
redde for hverandre, uten håp og tro.
Omkved

Peter og hans venner stod en pinse frem.
Jesus hadde kommet med sin Ånd til dem.
Omkved

Alle folk i byen hørte Peter si:
Jesus er oppstanden! Han har satt oss fri!
Omkved

Jesus er oppstanden ved Guds høyre hånd.
Han har gjort oss trygge.han har sendt sin
Ånd.
Omkved

Lukk opp stengte dører! Vi skal alle bo
i Guds lys og nærhet, fylt av håp og tro!
Omkved

På nr. 521 er det komen inn ein ny salme
som kan likne litt på dei andre meir
moderne pinsesalmane.
T: Anne-Ruth Jangaard M: Øystein Wang.
Salmen er også på nynorsk, og må vere fin
å bruke i vårt område. Han har fire vers. Eg
gjev att første vers her.

«**Som vinden stryk om mine kinn,**
slik er han, Heilagandens vind.
Han strøymmer om meg, alltid nær,
han hjelper meg å leve her.»

Ein annan salme står på bokmål på nr. 517
i salmeboka. Han er på nynorsk i Mi
kyrkjebok 6, som mange born i
kyrkjelydane har fått.
T Anders Frostenson M Erhard Wikfeldt

«**Vinden ser vi ikkje,** men vi merkar han,
snart han susar stille, snart i storm og
brann.

Anden ser vi ikkje, men hans stille røyst
talar i vårt hjarta både tukt og trøyst.

Vinden ser vi ikkje, men der vinden går,
bøyst gras og greiner, høge bølger slår.

Anden ser vi ikkje, men han gjev oss makt
til å tru og leva slik som Gud har sagt.

Frå vår Gud i himlen, han som ingen ser,
kjem Guds Ande til oss og eit under skjer.»

Sissel Sørebo

Minikonfirmantar i Høyanger 2022



I mars og april møtte 5. klassingane på fleire samlingar i Høyanger kyrkje for å bli Minikonfirmant. Dei lærte om bøn, dåp, nattverd og påskehistoriene. På samlingane kosa vi oss med kaker og saft, vi song saman, leika og las om Jesus og andre viktige personar og historier i Bibelen. Høgdepunktet var Minikonfirmantweekend 25. - 27. mars. Der møtte vi flere minikonfirmantar frå Balestrand og Hyllestad. Det var veldig kjekt å bli kjende med nye venner og



kunne være saman ei heil helg på Alværa misjonssenter. Minikonfirmanttida vart avslutta med diplomutdeling på ei fin gudsteneste.



På Alværa hadde vi masse forskjellige aktivitetar: bli kjent-kveld, påskevandring, ute-leik, misjonstivoli osv. Kjempekjekt var det!

Heike Müller

Alværa kyrkje-og misjonscenter – 40 år.

I alle desse åra har Alværa vore ein ressurs for kyrkjelydane i området. Då Alværa vart vigsla av biskop Thor With 20. juni 1982, kom det folk frå heile Sogn og Fjordane og Hordaland for å vere med på den viktige hendinga: NMS sin nyaste leirstad skulle takast i bruk.



Om innviingshøgtida kan ein lese: *«Tilstrøyminga til Misjonscenteret var stor, og det fekk for alvor syne sin kapasitet. Under samlingane var møtesalen og peisestova med hemsar, matsal og vestibyle fullsette. Det vart servert betasuppe m/kaffi og kaker til ca. 700 gjestar.»*

NMS i Sogn og Fjordane hadde i fleire år sett trongen for ein leirstad; først og fremst i barne-og ungdomsarbeidet. Sidan ingen andre organisasjonar hadde leirstad i Ytre Sogn, vart det bestemt at ein skulle prøve å finne ei eigna tomt i området.

Landsbrukssjef Jakob Sterri i Høyanger var med då Inge Eiksund, distriktssekretær i NMS Sogn og Fjordane, sonderde ulike stader i Høyanger kommune hausten 1977. *«Her er staden de treng»*, sa Sterri då dei kom til Alværa.

I løpet av desse 40 åra, er det mange born, ungdom og vaksne som har vore innom Alværa. Kyrkjelydane har brukt senteret til konfirmantweekend og minikonfirmantleir. I tillegg har det vore, og er det mange barn frå området som reiser på NMSU-leir. Mange er også med på den årlege adventsfesten, alværastemne og dugnadane. Kyrkjelyden i Lavik har periodevis brukt Alværa som samlingsstad. Her har ein invitert til kyrkjelydskveldar & Mat og Prat.



Prat, medarbeidarfest & årsfest, Onsdagsklubb & T-dagar og konfirmantsamlingar & Fredagskveld.

Under koronaen kunne Alværa tilby gode lokale, som vart brukt av både sokneråd og korps.

Ingrid Borlaug Hovland er ein av dei som kjenner Alværa godt. Ho har vore mykje på Alværa – både på t-dag, «Fredagskveld» og leiarar. Ingrid er ein ivrig leirdeltakar. Ho går no i 6. klasse og har vore på leir fleire gonger i året sidan 2. klasse.

-Kva gjer du på leir?

- spelar spel, vert kjent med nye folk, eter god mat og lærer ting.

- Kvifor reiser du på leir?

- Det er kjekt.

På spørsmålet om ho vil anbefale andre til å reise på leir, er svaret JA.



Born frå Lavik kyrkjelyd på leirdøgn ein flott førsommardag i 2019.

Til tider har det vore uro omkring Alværa og leirstadane til NMS. For 3 år sidan vart det ei omlegging av drifta. Tilsette vart sagt opp og eit Alværastyre fekk ansvar for



Alværastyret i jubileumsåret. Frå ventre: Toril Lange, Jens Friis, Karl Hjelmeland, Ingvald Andersen Frøyen og Borghild Sætre.

vidare drift frå NMS. Sidan mai 2019 har Alværa vore ein «ubemanna» leirstad og har for det meste vore drive på dugnad.

Det har vore krevjande, men pga minimalt med lønskostnader, gaver og koronatilskot, har Alværa gått i balanse økonomisk siste åra.

Vegen vidare.

Det er viktig for kyrkjelydane i området at det er ein stad som Alværa der born, ungdom og vaksne kan samlast, slik det også er i dag. Ansvarsfordelinga mellom NMS sentralt og dei lokale leirstadane – for oss Alværa – er ikkje heilt avklart enda. Men ein ting er sikker - Alværa skal bestå – men då med større ansvar lokalt.

I samband med 10-årsjubileet vart Karl Hjelmeland intervjuet. Han var då med i styret. Då han skulle få komme eit sluttord sa han: *Eg vil oppmode folk i nærområdet til Alværa om å bruke Alværa. Eg vil oppmoda til å delta på dugnad og på annan måte syne at dei bryr seg om Alværa.* Oppmodinga gjeld også i dag. Toril Lange

Alværa 40 år – 19. juni.

12.00 Gudsteneste

13.30 Festmiddag

15.30 Festmøte

Generalsekretær i NMS Helge Gaard talar.
Ordføraren kjem. Påmelding til 48990661

Pris for middag: kr 300,-

Hyggjestund på Sørsida Bygdetun



Ei hyggjestund utan å tenkje på avstand og smitte vart ei god oppleving onsdag 11. mai. Fengande tonar frå trekkspelet til Olav Bjordal og gode songarar lyfta songen så det vart reine koret! Roald Jenssen las dikt, og Bjørn Rørtveit hadde funne fram gamal lesebok. «Å koke suppe på ein spikar» vart framført på ein meisterleg måte med kvinne- og mannestemme. Sissel Sørebo hadde funne tekst av Snefrid Austrheim om utedoen, noko som mange kunne kjenne seg att i. Med pinsedikt og nasjonalsongar vart det alvor og skjemt i god blanding. Mange hadde noko å fortelje, og det var hyggjeleg at folk frå bygda igjen kunne vere med.

Soknerådet

Naboen min

Lørdag 1. okt. skjer det i Lavik!! Vi får besøk av barnemusikkduoen "Naboen min", to nabo-gutar frå Norheimsund, Vegard Markhus og Bjørnar Sangolt - som då dei var ca 8 år bestemte seg for at før dei fylte 40 skulle dei våge å synge for andre folk!! Dette klarte dei med god margin, og det har vorte sunge, spelt og showa på mange scener og i studio sjølv om dei enno har god tid til 40-årsdagen! For tre år sidan vann dei



også Spelemannspris for beste barneplate! Dei lagar songane sine sjølv, og skriv om både dansande kroppsdelar, hoppande dyr og folk som treng trøyst! **Lørdag 1. oktober kjem dei til Lavik**, og vi ynskjer at born frå 2 til ca. 14 år frå både Høyanger og Hyllestad skal få bli med på ein heil dag med workshop, læring, øving og kos, for så å avslutte med felles konsert på etter-middagen! Så kryss av i kalenderen! Vi kjem med meir info om påmelding seinare.

Torunn Styve

Dugnad på kyrkjegardane i Høyanger kommune



Bjordal



Vadheim



Sæbø



Kyrkjebø



Lavik

Det er gledeleg at også denne våren har folk stilt opp for å gjere områda rundt kyrkjene og gravplassane fine til sommaren og høgtidsdagane! Dugnad er nyttig arbeid, og det byr også på hyggje og sosialt samvær, på ein møteplass som er viktig for mange.

Sokneråda takkar alle som har stilt opp for å gjere det fint på gravplassane i kommunen!

Refleksjonar etter 1 år som sokneprest

Etter 13 år ute av kyrkjelydsteneste i vår heimlege kyrkje vart eg utfordra til eit 1 års engasjement som sokneprest i Hylllestad, Lavik og Bjordal-Ortnevik. Korleis har det vore? Kva har eg sett og opplevd? Er det råd å sjå nokre utviklingstrekk i kyrkja vår sidan eg sist gjorde teneste i distriktet?

1. Det første eg ser og har lyst å slå fast er: Lokalkyrkja lever fortsatt! Og det er ikkje verst! Det er jo ikkje berre etter 13 år, men etter meir enn 1000 år! Det kan jo tyde på at det er ein som held si hand under og rundt kyrkja vår. Han som sa: Sjå eg er med dykk alle dagar så lenge verda står. Eg ser at det blir utført mykje godt arbeid til beste for fellesskapet.
2. Det andre eg ser er at effektiviseringa i samfunnet også har nådd kyrkja. Det blir forventa at dei som arbeider skal dekke større område. Det har blitt merkbart færre gudstenester, særleg i dei minste kyrkjelydane/annekskyrkjene. Dei sjølvstendige kristne organisasjonane innan kyrkja som tradisjonelt også har drive barne- og ungdomsarbeid, har blitt svekka, og barnearbeidet/ trusopplæringa i kyrkjelyden har i større grad blitt avhengig av løna arbeidarar, og samlingane er lagt opp tettare mot kyrkjehuset og gudstenesta.
3. Kampen om ressursane aukar. Det gjeld både pengar og menneske. Kostnadene til vedlikehald aukar. Med færre menneske og mange bygningar vil ein måtte ta vanskelege val for å få pengane til å strekke til. Fleire arbeidarar, som har vore lenge i teneste, når pensjonsalderen og sluttar. Over heile landet er det stort behov for nye arbeidarar og tilgangen er mindre enn behovet. Det er grunn til å frykte at dei griskrendte strøk kan komme dårlegast ut. Situasjonen framover er svært sårbar! Her er det all grunn til å kalle til både bøn og arbeid!
4. Rekruttering av nye må bli ei hovudsak i tida framover. Det gjeld både løna arbeidarar og frivillige. Sokneråda har sjølv sagt eit ansvar. Men dette angår oss alle. Viss vi fortsatt skal ha ei levande kyrkje lokalt, må kvar einskild tenkje over: kva kan eg bidra med? Vi kan alle be for kyrkja vår, for dei behova vi ser blant oss som høyrer til kyrkja, for nye arbeidarar og nye frivillige. Kva kan eg elles gjere som frivillig? Er det nokon eg kunne utfordre til å melde seg til teneste, søkje på ledige stillingar eller til frivillig teneste? Er det nokon eg kunne utfordre til å utdanne seg til ei kyrkjeleg teneste? Mange treng eit konkret kall til teneste. Eg treng ikkje gå lenger enn til meg sjølv: hadde det ikkje vore fordi eg fekk ein konkret førespurnad, hadde eg ikkje vore sokneprest dette året.
5. Kyrkja er svært viktig for trua og livet til mange menneske. Kyrkja formidlar evangeliet, den gode budskapet om at du er elska og dyrebar for Gud, og at han kallar oss til fellesskap med seg. Kyrkja formidlar tru, håp og kjærleik. Det er avgjerande viktig at denne budskapet og dette fellesskapet fortsatt skal leve i våre lokalsamfunn. Der har du og eg eit ansvar! Og samstundes skal vi få stole på at han som sa at han ville vere med alle dagar, så lenge verda står, han vil fortsatt halde si hand under, over og rundt si kyrkje.

Karl Hjelmeland

Glimt frå aktivitetar

Fredagskveld



Dette skuleåret har vi om lag ein fredag i mnd samla 5.-7. klassingane i Lavik til fredagskveld med Taco/pølser, spel og moro, inkludert ei samlingsstund med tema frå Bibelen. Då lagar vi maten ilag og kosar oss skikkeleg. Sjølv om det ikkje er så mange born i kvar aldersgruppe, har vi nesten 100 % oppslutnad om dette! Tekst: Torunn Styve Foto: Toril Lange

Årsfest Lavik kyrkjelyd



Det var kjekt å kunne arrangere årsfest utan meterstokk og sprit igjen! Vi er heldige som kan bruke Alværa, slik at vi kan servere ein enkel middag og gode kaker i tillegg til presentasjon av årsmelding for sist år. Denne gongen fekk vi fin piano-musikk av Britt-Astrid, og nydeleg trekkspelmusikk av Wenche og Malvin. Olav testa forsamlinga i ein quiz som vi

bestod med glans heile gjengen! Det er flott når alle aldersgrupper kan møtast slik, fleire barnefamiliar møtte opp til ferdig middag og eit ganske lausleg program, slik at borna kunne bevege seg, og alle kunne slappe av og kose seg.

Tekst: Torunn Styve Foto: Karl Hjelmeland

På Kyrkjebakken

Kveldssong i Bjordal kyrkje

Søndag 26. juni kl. 19 har Karl Hjelmeland den siste gudstenesta si i vikariatet som sokneprest på Sørsida. Vi er svært takksame for den tenesta han har hatt her, og vi ynskjer no alt godt for pensjonisttida!

-Kva meiner du om kyrkja?

Spørjeundersøkinga som vart gjennomført i Høyanger og Kyrkjebø sokn vart avslutta ved utgangen av april, slik som annonsert. Sokneråda er no i gang med å tolke svara, og vil til hausten presentere resultatane av undersøkinga for kyrkjelydane. Hjarteleg takk til deg som tok deg tid til å svar!

Konsert i kyrkja

På Kyrkjebø har soknerådet tankar om at kyrkja skal vere enno meir open for bruk, også utanom gudstenestene. Kyrkja er eit godt og stemningsfullt lokale for konsertar av ulike slag. Dette gjeld også for fleire av dei andre kyrkjene i kommunen. Kyrkjene våre har også kostbare og gode orgel som fortener å få vist sitt mangfald som solo-instrument, åleine saman med song, eller i lag med andre musikkuttrykk. Me ynskjer difor å ha minst to slike tilskipingar utover hausten. Følg med på oppslag, på kyrkja sine heimesider og annonsering på sosiale media.

Friluftsgudstenester:

Friluftsgudstenester har ein lang tradisjon i sokna våre. I pinsa opplevde fleire å få delta på dette på Sørebo og i Måren. Gudstenesta på Vadheimsstølen er òg ein slik tradisjon, og velviljuge grunneigarar har i mange år lagt til rette for at kyrkjelyden kan samlast på den fine stølsvollen der. Denne sundagen tidleg i august kan me vone at fjellet også i år viser kor frodig og fargerikt skaparverket er. Kva er då betre enn å ta seg opp i fjellet, og etter ein lett fottur kunne feire messe til ære for Han som skapte det vakre, store kyrkjerommet?

Soknerådet syter for at ingen vert snytt for ettermiddagskaffien.

Olsok på Sande ved Ortnevik

Også i år er vi velkomne til å feire Olsok under dei vakre bjørketrea på Sande 29. juli kl 18.00. Dette året får vi besøk av Audun Systad. Han har dei seinare åra vore sokneprest i Balestrand og i Hyllestad, og no blir han pensjonist frå 1. september. Vel møtt! Soknerådet

Forum for tru og tanke

På Sørsida vil vi til hausten invitere til tre kyrkjelydskveldar der Geir Sørebo vil halde ei innleiing, og vi kan dele tankar om tema. Det vart føreslege på årsmøtet at vi kunne vere i Ortnevik, Bjordal og Ikkjefjord. Så følg med på plakatar!

Opne kyrkjer:

Sommaren 2022 vil Kyrkjebø kyrkje verta open fire onsdagar i tida 18.00 – 20.00.

Desse timane kan du vitje kyrkja; antan for å ha ei stille stund, berre sjå deg om, eller få vite litt om kyrkja i samtale med verten, som møter deg og byr deg te/kaffi. Du kan og få ei sjeldan, musikalsk oppleving. Alle fire dagane vil det nemleg verte inntil ein time med musikalsk innslag av ulikt slag, og med ulike aktørar.

Nærare informasjon om datoar, og kven som står for musikken kjem på kyrkja sine heimesider og i sosiale media i god tid føreut.

I Høyanger har det vore open kyrkje ein gong i veka i ein periode. Om det tilbodet held fram vil det også verta tilsvarande annonsert.

I Ortnevik vil kyrkja vere open kvar måndag kveld kl. 20.00-21.00 frå 20. juni til og med 15. august. Velkomen!

Sokneråda

Nytt frå kyrkjeverja

Rekneskapsresultat

	<u>2021</u>	<u>2020</u>	<u>2019</u>	<u>2018</u>	<u>2017</u>
Nto. Driftsresultat:	-85 336	+ 64 706	+86 652	+83 314	+187 519

Driftsunderskotet i 2021 har samansette årsaker. Det har vore overskridingar på fleire postar som fylje av auka energikostnader, serviceavtalar og reparasjonar, forsikring, leigeutgifter, kommunale avgifter og lisensar mm. Det har og vore kjøp av konsulenttenester som ikkje var budsjettert, dette gjeld konsulentrapport frå NIKU for reparasjon av glasmåleriet i Høyanger kyrkje, som var naudsynt for å leggje ein plan for utbetring av rustskader i stållramma.

Revisjonen er no snart ferdig med sin gjennomgang av rekneskapen, og denne saman med årsmelding 2021 vert lagt fram for fellestrådet til endeleg godkjenning på møtet 16.06.2022.

Kyrkjelydspedagogstillinga

Stilliga som kyrkjelydspedagog i Høyanger og Gaular har vore utlyst med søknadsfrist 1. mai, og det kom inn to søknader. Det vart vedteke å lyse stillinga ut på nytt, då den eine søkjaren var uaktuell, og med berre ein reell søkjar var det for lite grunnlag til å vurdere tilsetjing. Stillinga er lyst ut på vår heimeside og på Facebook, Kirkejobb.no, Yrkesfokus.no, og ny søknadsfrist er 12. august 2022.

Kyrkjeverjestillinga i Høyanger

Etter 20 år i tenesta har eg funne ut at det er på tide å gje seg. Eg går difor av med pensjon 31.12.2022 ved fylte 67 år. Stillinga er lyst ut på vår heimeside, på Facebook, på Kirkejobb.no, Yrkesfokus.no og i fleire aviser. Stillinga som øvste administrative leiar i fellestrådet, med tittelen kyrkjeverje, er i sin funksjon på nivå med kommunedirektør, og vi håpar at det kjem mange sterke søkjarar innan søknadsfristen, som er 1. juni 2022.

Vassforsyning til Ikjefjord gravplass

I mange år har det vore provisorisk opplegg for vassforsyning til Ikjefjord gravplass. No er dette ordna på meir permanent og skikkeleg vis. Det er lagt ned 100 meter vassledning i grøft frå byggefeltet i nærleiken, med tappekran inne på gravplassen.

Kyrkjetenar i Bjordal kyrkje

Vi søker no etter nokon som kan vere interessert i ei lita, men viktig stilling som kyrkjetenar i Bjordal kyrkje. Mangeårig kyrkjetenar Norvald Bjordal har bede om avløyning, og vonleg kan det vere nokon i bygda som er interessert. Kontakt i såfall kyrkjeverje Bjørnar Otterstein på mobil 91763803 for meir informasjon.

Jazzkonserten i Høyanger kyrkje



Mykje øving låg bak den flotte konserten som Lavik kantori og Something Else framførte i Høyanger kyrkje 30. april, med Gerda Otterstein som dirigent. Det var 148 personar som var møtt fram, og Sissel Tove Litzheim skriv i Ytre Sogn: «Publikum, som var i alle aldrar, fekk servert ein variert meny, og kunne gå heim fylt av ei stor musikalsk oppleving.»

Takk til alle medverkande!

Sokneråda

I GLEDE OG SORG

DØYPTE

Høyanger kyrkje

15.04.2022 Are Lie Sande
15.04.2022 Ermias Norevik
15.05.2022 Mateo Dela-Cruz
15.05.2022 Kornelia Brosvik

Kyrkjebø kyrkje

10.07.2022 Celine Nytræ Iversen

Lavik kyrkje

05.06.2022 Johanne Arntsen Hellem

Ortnevik kyrkje

22.05.2022 Troy Brekke



DØDE

Høyanger

15.03.2022 Bjarne Østensen
24.03.2022 Borgny Marifjæren
12.04.2022 Laila Irene Sæbø
10.05.2022 Sigbjørn Dale
20.05.2022 Esther Marie Johansen
23.05.2022 Hans Slinde

Vadheim

01.04.2022 Kåre Olav Skår

Kyrkjebø

12.05.2022 Harald Frivik

Ikjefjord

28.04.2022 Per Myren



Lat oss halde urokkeleg fast på vedkjenninga av vona, for han som gav lovnaden er trufast.
Og lat oss ha omtanke for kvarandre, så vi oppgløder kvarandre til kjærleik og gode gjerningar!
Hebr. 10.23-24.

Gudstenester

05. Juni -1. Pinsedag

Kl. 11.00 Lavik v/K. Hjelmeland
Høgtidsgudsteneste
Kl. 18.00 Høyanger v/A. Ester.
Gladgudsteneste

06. Juni – 2. Pinsedag

Kl. 12.00 Sørebø v/K. Hjelmeland
Friluftsgudsteneste
Kl. 15.30 Måren v/A. Ester
Friluftsgudsteneste

19. Juni – 2. søndag i treeiningstida

Kl. 12.00 Alværa v/Helge Gaard. 40 års jubileum for Alværa. Lokale prestar deltek

26. Juni – 3. søndag i treeiningstida

Kl. 19.00 Bjordal v/K. Hjelmeland
Kveldssong

10. Juli – 5. søndag i treeiningstida

Kl. 11.00 Kyrkjebø v/A. Systad
Felles gudsteneste med dåp

24. Juli – 7. søndag i treeiningstida

Kl. 11.00 Høyanger v/A. Ester

29. Juli – Olsok

Kl. 18.00 Sande v/Ortnevik v/A. Systad

31. Juli – 8. søndag i treeiningstida

Kl. 18.00 Kyrkjebø v/ A. Ester

07. August – 9. søndag i treeiningstida

Kl. 11.00 Lavik v/A. Ester
Kl. 15.00 Vadheimstølen v/A. Ester,
Friluftsgudsteneste

21. August – 11. søndag i treeiningstida

Kl. 11.00 Bjordal, Konfirmantpresentasjon
Kl. 18.00 Høyanger, Konfirmantpresentasjon
v/ A. Ester

28. August – 12. søndag i treeiningstida

Kl. 11.00 Lavik, Konfirmantpresentasjon
Kl. 18.00 Kyrkjebø, Konfirmantpresentasjon
v/ A. Ester

07. September – onsdag

Kl. 18.00 Høyanger v/A. Ester,
Gladgudsteneste

11. September – vingardssøndag

Kl. 17.00 Vadheim v/A. Ester,
Kaffigudsteneste

18. September – 15. søndag i treeiningstida

Kl. 11.00 Lavik v/ G. Sørebø, Hausttakkefest

25. September – 16. søndag i treeiningstida

Kl. 12.00 Massnes, v/ G. Sørebø
Hausttakkefest
Kl. 18.00 Høyanger v/ A. Ester,
Hausttakkefest

02. Oktober – 17. søndag i treeiningstida

Kl. 11.00 Kyrkjebø v/ A. Ester,
Hausttakkefest

05. oktober – onsdag

Kl. 18.00 Høyanger v/ A. Ester,
Gladgudsteneste

16. Oktober – 19. søndag i treeiningstida

Kl. 11.00 Lavik v/ G. Sørebø

23. Oktober – 20. søndag i treeiningstida

Kl. 11.00 Bjordal v/ G. Sørebø
Kl. 17.00 Vadheim v/ A. Ester
Kl. 19.00 Høyanger v/ A. Ester



NB: Det kan skje endringar, så følg med i kalendaren på Facebook, og på heimesida vår: www.kyrkja/hoyanger/

INFORMASJON Returadresse : Høyanger kyrkjekontor, Postboks 159, 6991 Høyanger

Takk til gode medarbeidarar!

I samband med gudstenesta i Lavik kyrkje søndag 1. mai, vart det markert at Toril Lange og Karl Hjelmeland har slutta/sluttar som løna medarbeidarar i kyrkja og vert pensjonistar. Knut Magne Nesse, som er prost i Sunnfjord, heldt preika. Born og unge deltok med lesing og song. Toril vart takka for si mangeårige teneste i heile Høyanger kommune av leiar i kyrkjeleg fellestråd, Sturla Bell Fossen, og medarbeidar i Lavik, Torunn Styve. Eit plommetre i gåve kan minne om voksteren i kyrkjelyden når born og unge finn sin plass der. Også Karl vart takka for tenesta i Lavik og på Sørsida siste året. Etter gudstenesta var det kyrkjekaffi på kyrkjebakken i finevêret.

Sissel Sørebø



Foto: Monica S. Tjønnås

Prestestillinga i Lavik og Bjordal og Ortnevik

Stillinga som sokneprest i området har no vore utlyst, men det kom diverre ingen søkjarar. Det er mange ledige prestestillingar rundt om i landet, og fleire pensjonistar gjer ei viktig teneste for at kyrkja sine tilbod kan oppretthaldast. Her har Geir Sørebø igjen sagt seg viljug til å gå inn i vikarteneste. Det er vi takksame for og ynskjer han velkommen tilbake! Sokneråda